



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Mai 1971

Nr. 4

Til 1971-konfirmantane!

Kjære unge vener!

Eg kan godt tru at du, når du tenkjer på deg sjølv, tykkjer at du manglar mange ting. Det er mykje du ynskjer deg, og som du sikkert også vil kunna få seinare i livet, men som du manglar no.

Berre 15 år — ikkje gammal nok til at folk alltid tek deg alvorleg, om du seier noko.

Endå ikkje teke til å tene pengar — og difor ei lommebok som rett ofte er tom.

Og utdanning? Nettopp ferdig med 8. klasse. Det er endå eit år att før du er kome igjennom minstekravet for allmenndanning for norsk ungdom idag. — Men stopp litt.

Du har noko som mange millionærar misunner deg, noko som dei gjerne ville hatt, men ikkje har og dei kan heller ikkje få det om dei so la alle sine millionar på bordet!

Men du har det!

Og der er noko som mange gråherde vitkapsmenn, med all sin kunnskap ikkje har — og som dei heller ikkje med all sin lærdom og flid kan skaffa seg no!

Men du har det!

Ja, der er noko mange store statsmenn i dag misunner deg, noko som dei med all sin store statsmannskløkt og makt heller ikkje kan få.

Men du har det!

Og der er ikkje få som det gjekk gale med i livet, og som no, når dei er ærlege med seg sjølve sukkar tungt over noko dei har mist, og kan ikkje få att.

Men du har det!

Kva er so dette då? — *Det er ditt unge liv!*

Ditt unge liv er det største og rikaste du har. Men du har fått det til låns. Medan du lever kan du få brukta det fritt som du vil, so stor og generøs er Gud som gav deg livet. — Og so

stort er det å vera eit menneske skapt i Guds bilete.

Kjære unge ven:

**Et ungdomsliv er skjønt som morgenrøden
Når kun det leves rent i Herrens frykt.
Det knekkes ei av stormvær eller døden,
Når det på klippen Jesus Krist er bygd.**

Og difor er det så viktig at:
**Ditt hjerteliv må fremfor alt bevares,
Din barnetro, ditt håp, din kjærlighet.
For alt engang det jo skal regnskap svarer
Når dagens strid er slutt og sol går ned.**

Men korleis skal du makte å leva ditt unge liv rett?

**Når kan den unge livets sti bevare,
så den er ren og lys ved dag og natt?
Det skjer alene når Guds ord det klare,
er lys og liv og fred og hjertets skatt.**

So vil eg ynskja at konfirmasjonsdagen bli et rikt minne og ein inngang til eit rikt og vakkert ungdomsliv.

Helsing

Lars Bjørsvik.

Bjørsvik sin gode ord er også helsing fra meg.

Gudmund Skiftun.

Leirstaden i Eksingedalen

På vegner av Norges Samemisjon skal eg få takk for alle gåver som er komne inn til leirplassen i Eksingedalen.

Dersom det er fleire som kunne tenkja seg å gjeva ei gave, så er me takksame for det. Send då pengane til Bankgiro nr. 8401.20.18672, Norges Samemisjon, Strandgt. 1, 5000 Bergen.

Odd Alvheim

Nattverdens form

Vi har to former for nattverden, og jeg har fått delta i begge. De har hver sin svakhet og sin styrke. Den frie nattverd som betjenes av lekfolk er meget beskjeden — ytre sett. Der jeg var med satt vi rundt et bord som et vanlig måltid hjemme. Brødet var en hveteloff. Han som ledet brøt det i stykker med ordene fra 1. kor. 11,23-24. Så gikk brødfatet rundt, og vi tok hver sitt stykke og leverte det videre med ordene: «Dette er Jesu legeme». Likeså med vinen. Etterpå hadde vi vitnemøte og samtale. Som avslutning håndhilste vi hverandre med ønsket om Guds velsignelse.

Hva den frie nattverd savnet i det ytre, vant den på andre måter. Som samfunnsmåltid står den sterkt. Her står nattverden svakt slik den praktiseres i kirken. Ikke snakker vi med hverandre. Vi kunne i det minste håndhils på vår nærmeste bordfelle. Men høitidsstemt er den. Det merkes allerede ved innledningsordene: «Løft eders hjarter til Herren». Og vi svarer: «Me lyfter hjarto våre til Herren». Løftningen stige når vi synger: «Hellig, hellig, hellig er Herren Sebaot. All jorden er full av hans ære. Hosianna i det høieste. Velsignet være han som kommer i Herrens navn.»

I begge nattverdformer møter vi den oppstandne og levende Frelser som på ny gir sig selv gjennem brød og vin til sine brødre og søstre. La oss holde fast på det.

Johanne B. Helle.

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Gudmund Skiftun, Dalekvam.
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Sveinung Sandal, 5290 Stamneshella, tlf. Stamneshella nr. 32.

Postgiro. 723 47. Bankgiro 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

I opphavet skapte Gud —

I 1967 kom det ut ei bok i Sverige som folk lagde merke til. Boka var skiven av ei 11 år gammal jente og hadde boktitelen «I opphavet skapte Gud». Boka er på omlag 100 sider.

Barbro Karlén var 11 år då ho skreiv boka. Hennar bokskap gjeld livet, mennesket og Gud.

«Det er vel ikkje vanskeleg å tru,» skriv ho. «Prøv og tenk på korleis du ville skapt verda og alt det som finst på den. Du er ikkje rektig klok, svarar du. Men du som ikkje trur at det finst nokon Gud! Du trur at alt har laga seg sjølv. Slike ting som du ikkje kan laga, dei meiner du lagar seg sjølv. No ser du kor dumt det ser ut på papiret.

Du som ikkje er interessert i å lesa det som eg skriv, du tykkjer kanskje at folk masar for mykje om Gud. Kan du ikkje vera så snill og gå i ei kyrkje eller ein annan stad der folk fortel om Gud. Kanskje du då vil finna det som du saknar i livet ditt, og det som eg ikkje maktar å fortelja deg.

Tenk om det kunne verta evig fred på jorda, på denne jorda som me berre har fått låna. Tenk om me til slutt kunne seia til Gud: Takk for lånet, for den fine jorda som me fekk låna

av deg. Tenk kor gildt det ville vera å gjeva jorda tilbake full av blomster og tre og grønt saftig gras. Å kunna levera jorda frå oss like fin som då me fekk låna henne. Då ville sikkert vår snille Gud Fader prøva å gløyma korleis jorda har sett ut av og til. For av og til har det mest berre vore krig, fattigdom, stygge ting, nedtrampa plenar og blomster. Enno ein gong kunne då den vesle blomsterknuppen stå rank utan å vera redd menneskefoten.

Vil du som lever og les dette hjelpa til med å reparera verda? Verda er veldig fint skapt. Tak fatt med å vera venleg mot naboen din. Du skal snart sjå at han vert snill og venleg mot deg. Stundom er folk redde å vera venlege. Slike folk tykkjer eg synd på. Kanskje har ingen vore venleg mot dei.

Du har vel lese at Jesus var venleg og snill mot alle — også imot dei som håna han. Det er nok vanskeleg å likna han, men tenk så morosamt og hyggeleg me menneske kunna ha det dersom me prøvde lite grann å leva slik han gjorde. Han var som eit vanleg menneske då han levde her på jord. Han hadde det sikkert vondt når folk lo å han. Men han var venleg og snill korleis folk for å med han.

Har du nokon gong tenkt på kva du ville sagt til Jesus dersom du hadde livt den gongen. Hadde du vore ein av dei som lo og håna, eller hadde du ikkje mient nokon ting, eller trur du at du hadde skjøna, kven han var og fylgt han? Det er vel det same. Det rakar vel ingen, svarar du. Det rakar eit menneske. Deg sjølv.

Dersom du tenkjer at du gjerne

hadde fylgt han dersom du hadde levt den gongen, då kan eg fortelja deg noko gledelegt. Du levde ikkje då, men Jesus lever no. Du kan fylgja han heile ditt liv. Han vil halda deg i handa og leida deg på rett veg. Eg ser jo ikkje handa til Jesus, seier du. Korleis skal eg finna henne?

Handa til Jesus er ikkje noko vanleg hand. Nei, handa hans kan du finna i trea, i rosene, i snøen, i bekken, i musikk, i blanke stjerner. Eg skal seja deg at du kan finna den gode handa hans over alt, dersom handa di er open, slik at Jesus si hand kan nå handa di. Jesus si hand er mjuk og rein. Du tykkjer kanskje at dette er rart, men for meg er det ikkje noko rart. Vil du tru meg, vert du glad, og eg vert glad.»

Ved G. S.

Sann glede

Ein eldre mann har fortalt oss dette I barndoms og ungdomsår hadde eg ei faster som eg heldt mykje av. Ho var alltid så glad og snill. Då eg var 13 år gammal budde eg ein vinter ihjå henne, og det var ei god og minnerik tid. Faster mi var enkje. Ho hadde møtt mykje motgang i livet og sat helst tungt i det. Men ho hadde alltid eit godt ord, og ho var så snill. Eg undrast på korleis det kunne ha seg at ho alltid var så glad. Ein dag eg gjekk ovanpå i huset, høyrdie eg ei still kviskring inne på eit lite loftkott. Eg glytta på døra. Då såg eg faster mi låg på kne og bad til Gud. Eg stod ei lita stund heilt still. Så lukka eg døra varsamt igjen. Den dagen skjøna eg kvifor faster alltid var så glad og snill.

G. S.

Når til kyrkje me for —

I Rogalandsbandet av «Manns minne» skreiv Severin Eggebø og Sikke Mæle minne frå kyrkjeferde.

Severin Eggebø fortel:

Det var stor stas når me skulle til kyrkje. Mor sat som ei dronning på hesteryggen, medan far og me borna gjekk ved sida. Lite tala me. Det var mest som me hadde ei kjensle av at endåtil vegen til kyrkja var heilag.

Då må var framme ved kyrkja, tvætte ho mor lommetørklet sitt og turka meg rundt munnen. Eg tykte ho kunne vore litt lettare på handa. Så kom ho med nokre moderlege formaningar om å sitja fint i kyrkja. Det kunne ho visst ha spara seg, me hadde hørt ikkje så lite heime om kor alt var høgtidsamt og heilagt med prest og kyrkje. Og stille sat me, muese stille. Men augo kunne ikkje haldast frå alle dei rare figurane me såg rundt i kyrkja. Gamlekyrkja i Årdal var namngjeten for alle biletet av profetar og englar som var måla i taket og på veggane. Men er ikkje englar finare enn dei me såg der, så hutte meg.

* * *

Sikke Mæle fortel: «Om sommaren fekk me ofte vera med til kyrkje. Det var ei halv mils sjøreis ut fjorden. Når me var komne til sjøen var me alltid mange som skulle reisa. Dei kom i sundagsklede og bar på eit skrin med kyrkjeklede og niste. Eg hugsar ei kone frå Klepp. Ho var så rapp i munnen og fin i målet. Det var det grovaste, sa ho, eg he' teke berre sundagslommeplagget i stadenfor kyrkjelommeplagget.

Folket frå Dalen gjekk i tresko, og

kjolen hadde dei bretta opp og gjekk i understakken. Den var raud eller blå vadmel med svarte band til pynt, eller dei var broderte. Dei som ikkje sjølv hadde kyrkjebåt, laut lāna, og ein dag i skuronna kom dei og betalte for lānet.

Når båtane kom til Hagaviken på Forsandlandet, gjekk folket opp til nokre utløper og tok på seg kyrkjekledda. Mikal med Garden sto i underbuksa på stranda og hadde på seg kyrkjekleda.

Det var dei som var så fatige at dei laut lāne kyrkjeklede. Mor fortalte at då ho og moster var små, budde det nokre småjenter på same alder i grannelaget. Ein gong dei skulle til kyrkje kom dei og lānte klede. Då dei kom tilbake med dei gav dei kvar si kringle for lānet. — Det var slik, ingen ting ville dei ha for inkje.

For en dag

*I himlen skal det bli fest en dag
når samles skal alle folkeslag.
Når frem for Tronen vi griper tonen,
tenk hvilken dag.*

*Når vi vår frelsermann skue får,
når han har tørret den siste tår,
når vi skal blive vår Frelser like,
tenk hvilken dag.*

*Når vi ved bredden av livets elv
får gå isammen med Jesus selv,
da er vi evig fra synden frie,
tenk hvilken dag.*

D. J.

* * *

*Snart slutter reisen her, da vil jeg være der,
Med deg til himlen og lovprise deg,*

*For da er reisen slutt, da vil jeg synge ut,
Love og takke ditt hellige navn.*

*Takk for du hørte mig. Takk for du førte mig,
Over det mørke og stormfulle hav.
Bølgene ofte brøt, jeg var i største nød.
Men da jeg ropte du frelse meg gav.*

*Kom la oss gå ombord, samles fra syd og nord.
Kom kjære søstre og brødre vær med,
Skynd dig før toget går, skynd dig at plass
du får.
Snart ringer klokken også for dig.*

Adolf Jensen.

Han Styrk

*Kjende du han Styrk?
Ein så ørleg mann
med enkel lære —
stadig like vyrk
for folk og for land
i fjerr og nære.*

*Møtte du han Styrk?
Alltid så var han
i eit aktivt lag;
om tida var myrk,
han ein lysning fann —
var takksam kvar dag.*

*Trur du at han Styrk
grov ned sine pund
og løynande sitt ljós?
Nei, i helg og yrk
med hand og med munn
han tente sin los.*

*Såg du om han Styrk
tok verda på tog
for lemer skadde?
Nei, sjela var sterke,
og hans styrke låg
i den tru han hadde.*

*Ver du som han Styrk:
så ørleg og tru
og glad i ditt sinn.
Bruk ditt pund og dyrk
din Herre, og du
over motgang vinn.*

L. V.

Størk Størkson Leiren døydde i 1960.
Han var då omlag 83 år gammal.

G. S.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Geir Åge Frotweit, fødd 15. mars 1971, døypt 30. mars.

Øyvind Rivenes, fødd 10. desember 1970, døypt 11. april.

Vidar Paulsen, fødd 23. desember 1970, døypt 18. april.

Leif Helge Verpelstad, fødd 14. januar 1971, døypt 25. april.

Hanne Cathrine Christiansen, fødd 10. februar 1971, døypt 8. april.

VAKSDAL:

Jane Halland, fødd 17. desember 1970, døypt 28. mars.

Kitty Marie Klever, fødd 22. desember 1970, døypt 11. april.

STAMNES:

Rune Gullbrå, fødd 5. januar 1971, døypt 8. april.

Kenneth Lyngsgård, fødd 12. januar 1971, døypt 9. april i Eidsland.

Irene Farestveit, fødd 30. november 1970, døypt 17. mars.

Linda Himle, fødd 18. desember 1970 døypt 24. mars i Eidsland.

NESHEIM:

Steinar Nesheim, fødd 26. oktober 1970, døypt 14. februar.

VIGDE:

Eivind Dahl og Barta Berge, vigde 3. april 1971.

AVLIDNE:

DALE:

Gurid Rødland, fødd 28. juli 1908, døydde 3. april 1971, gravlagd i Bergsdalen, 10. april.

Kristbjørg Fosse, fødd 25. januar 1885, døydde 13. april 1971, gravlagd i Bergsdalen, 20. april.

Anna J. Hop, fødd 15. januar 1878, døydde 15. april 1971, gravlagd 21. april.

VAKSDAL:

Hans Haga, fødd 24. november 1890, døydde 24. mars 1971, gravlagd 30. mars.

Nils B. Hagen, fødd 17. juni 1920, døydde 25. mars 1971, gravlagd 3. april

STAMNES:

Anna Mellesdal, fødd 9. desember 1897, døydde 28. februar 1971, gravlagd 6. mars.

Maria Olava Wiik, fødd 24. februar 1904, døydde 14. mars 1971, gravlagd på Eidsland, 22. mars.

Brita Sandal, fødd 8. mai 1897, døydde 7. april 1971, gravlagd 15. april.

Snill jente

Ei lita jente som var så glad i far sin, spurde kvar dag faren kom heim frå arbeidet, om det var noko ho kunne gjera for han. Og aldri var ho gladare enn når ho fekk gjera han ei teneste. Ein dag sa faren til henne: — Kvifor spør du meg slik seint og tidleg? — Far, svara barnet med blanke augo, — eg vil så gjerne hjelpa deg.

GUDSTENESTER

4. søndag e. påske (9. mai):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Konfirmasjon. Kollekt til nytestamente og biblar. Eidsland kapell: Sokneprest Skiftun. Konfirmasjon. Kollekt til nytestamente og biblar.

5. søndag e. påske (16. mai):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun.

17. mai:

Dale kyrkje kl. 9.30: Sokneprest Skiftun. Offer til Kirkens Nødhjelp. Vaksdal kyrkje kl. 9.30: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Stamnes kyrkje . 12.30: Sokneprest Skiftun. Offer til Kirker Nødhjelp.

Helge & idag (20. mai):

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Nesheim kyrkje kl. 11.00: Sokneprest Skiftun. Eksingedalen kyrkje kl. 17.00: Sokneprest Skiftun.

6. søndag e. påske (23. mai):

Eidsland kapell: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Offer til Nordh. Indremisjon. Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

1. pinsedag:

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen. Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til N.M.S.

2. pinsedag:

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Nordh. Indremisjon. Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

Treeinings søndag (6. juni):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

1. søndag e. treeining (13. juni):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

2. søndag e. treeining (20. juni):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

3. søndag e. treeining (27. juni):

Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik. Eidsland kapell: Sokneprest Skiftun.

Eidsland Samvirkelag

EIDLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

Om skapelsen

— Det er mulig matematisk å påvise at universet ikke kunne bli til ved en hendelse eller utvikling. Universet viser en så avgrenset plan og hensikt at det krever en mesters ånd å kunne beregne de mange fullkombenheter, skriver tidligere president i New York vitenskapsakademiet, dr. A. C. Morrison.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

<i>DALE, Tlf. 2421</i>	<i>Frå</i>	<i>Til</i>
Måndag t.o.m.		
torsdag	8.30	15.00
Fredag	10.00	17.30

<i>VAKSDAL, Tlf. 3605</i>		
Tysdag	9.30	16.00
Torsdag	9.30	13.00
Fredag	9.30	17.30

<i>STAMNES, Tlf. 3 a</i>		
Laurdag	9.00	12.00

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Bensin - Dekk - Rekvisita

Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

RADIOSPECIALEN A/S

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

**Ass. Landhandel og Bakeri
FILIAL SKAFTÅ**

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN A/S

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel

STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag

V A K S D A L

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning